

## Retningslinjer for tildeling og utbetaling av driftstilskot Etne kommune

- Etne kommunestyre vedtar storleiken på tilskotspotten kvart år
- Kulturkontoret vedtar fordeling ut frå gjeldande retningslinjer
- Tilskotet blir fordelt mellom søkjarane etter same prosentdel som den enkelte søkjar sine netto driftsutgifter utgjer av søkjarane sine samla driftsutgifter. For interkommunale organisasjonar med medlemmer i Etne kommune vert det utbetalt tilskot etter 1/3 av dei dokumenterte driftsutgiftene.
- Kommunen betalar ut tilskotet til den kontoen dei enkelte laga har oppgitt i søknaden.

### Detaljar til retningslinjene

(delvis forelda og blir brukte med skjønn, - må opp til ny politisk behandling)

- Maksimalt tilskot for ein organisasjon er 20.000,-. Alle tiltak/undergrupper høyrer til under hovedorganisasjonen, og kan ikkje vera sjølvstendig søkjar.
- Forsamlingshus vert ikkje rekna som organisasjon i denne samanheng.
- Driftstilskot blir ikkje tildelt lag som:
  - har eit rekneskapsoverskudd større enn sist tildelte tilskot, dette gjeld ikkje lag med overskot mindre enn 2.500,-.
  - har oppsparte midlar tilsvarende 5 gonger utrekna tilskot.
  - har oppsparte midlar tilsvarende 10 gonger utrekna tilskot avsett til øyremerka føremål.Lån som laget har går i fråtrekk på "oppsparte midlar". Tilskot/gåver til andre blir ikkje godkjent som driftsutgifter, men skal dokumenterast i årsoppgjeret som disponering av årsoverskotet
- Søknader utan revidert resultatrekneskap og årsmelding blir ikkje handsama
- Minimum 10 medlemmer skal vera busette i Etne kommune.
- Unyttta tilskotsløyvingar ved siste tildeling kvart år blir delegert til kultursjefen å tildela lag og organisasjonar etter skjønn. Tildelinga skal følgja budsjettpostar/lag kategori og bør følgja påskjønningssprinsippet utifrå til eikvar tid prioriterte tiltak.